



Telefon 90680100
Adresse: Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES
Orgnr: 985 868 344 mva

DYRKOLBOTN FJELLSTOVE Leirskole og gjestehus

Lindås kommune

Adresse: Postmottak@lindas.kommune.no

Vikanes, 13. februar 2017

GJELD KLAGE PÅ FJELLSTOVA SITT BYGGELØYVE Gnr 247 bnr 10 og 11.

Merknad til klagaren Jorunn Dyrkolbotn sine nye anførsler i brev datert 12.01.2017

Kvífor held klagaren fram med å klage når det no er dokumentert at ho og mannen skøyta frå seg gbane 247/11 i 1981? I prosesskriv har dei erkjent underskriftene sine, men no skal eg liksom ha skaffa vitneunderskrifter i ettertid?! Dette er ei useriøs sak, med berre ei hensikt: Å øydelegge.

Dei fleste «opplysningane» i brevet frå 12.01.2017 er urette eller fordreide eller irrelevante:

- Utgreininga på side 1 om forskriftsendring og tidlegare grunngjevingar i saka er feil.
- Utheva setning på side 2 er feil. Det er galt at fylkesmannen ikkje har vurdert leirskulen sin rett/servitutt til kloakkanlegg. Tvert i mot. Den var eit av dei viktigste vurderingstemaene i fylkesmannen si saksutgreiing.
- Det er ikkje sant at Jorunn og Jostein kjøpte gbnr 247/11 frå nabo i 1970/71.
- Det er ikkje sant at dei har vorte møtt med «truslar» i forhandlingsmøte.
- Eg har ikkje gjort noko uredeleg i høve til arealplanlegging. Jorunn har fått «skikkeleg informasjon» om «hendelsesforløpet». Endå til skriftleg førehandsinformasjon 21.04.2008.
- Leirskulen sin opphavlege rett til kloakkanlegg på gnr 247 bnr 1 og 2 er irrelevant. Det er irrelevant om kloakkanlegget kan plasserast annleis enn der det no er godkjent. Byggesaks-handsaminga skal sei ja eller nei på dette stadiet av saka. Det er uaktuelt å flytte på ting.
- Dessutan har Jorunn teikna inn anlegget på gbnr 247/15 og ikkje på gnr 247 bnr 1 og 2. Eg eig gbnr 247/15. Dette arealet er tenkt bruk til grasbakke, for det er godt eigna og vi har lite av det. Kloakkreinseanlegget er plassert der vi meiner det er best, på vår tomt 247/11.
- Jorunn sitt framlegg til plassering av kloakkreinseanlegg er utanfor godkjent areal etter kommuneplanen, så det vil i praksis bety å avslå byggesøknaden vår.

«Opplysningane» til Jorunn tener kun til å sverte oss, ikkje til å opplyse saka. Tvert imot, Som i mange tidlegare saker og skriverier frå deira hald, er historieforteljinga feil og vondsinna. Den styggaste falske påstanden denne gongen gjeld min far Otto og svik han skal ha gjort i 1974. Men den skuldinga er lett å tilbakevise. For den rette historien er dokumentert i to rettsaker. Titals vitneprov og hundrevis av sider dokumentert var grunnlag for rettsavgjerdene.

Otto har ikkje «lurt inn» ein tilbakefallsklausul i Jostein og Jorunn sitt skøyte frå 1974 som dei ikkje visste om, og som var til fordel for Otto sjølv. Tilbakefall (dersom dei valde ei anna hustomt) skulle skje til leirskulen, av di leirskulen skulle overta heile garden etter kvart. Otto fekk i 1974 berre eit

pro-forma skøyte på gbnr 247/1, med tilbakefallsklausul til leirskulen. Proformaskøytinga skjedde avdi farfar ikkje ville skrive under på å pantsetje garden, slik leirskulen sin bank kravde. Men farfar kunne godta at ein del av garden (247/1) vart pantsett i Otto sitt namn. Jostein godtok proformaskøytinga til Otto med si eiga handskrift på skøyte-konsept datert 10. januar 1973. Sitat: «*Grunnlaget må vera att leirskulen og Dyrkolbotn gard må drivast i lag utan nokon fordeler eller bakdeler for nokon. Jostein Dyrkolbotn*». Alle dei andre syskena skreiv også under på at dei aksepterte denne pantsetjinga av 247/1 og proformaskøyting til Otto.

Skøytinga til Otto skjedde samstundes som vaktmeistertomta vart skøyta til Jorunn og Jostein. BEGGE transaksjonane har mykje heftelser, og BEGGE vart grundig drøfta og akseptert skriftleg av syskena og ektefeller som hadde felles næring på leirskulen. Forbilledleg og usedvanleg demokratisk er den riktige domen over dette! Sjølv sagt skreiv ikkje Jostein under på skøytet som skulle tinglysast til seg sjølv. Han skulle ikkje det. Han eigde allereide sin 7-part av grunnen.

Sjå Gulatings lagmannsrett sin dom 20.11.1984 i sak 304/1983. Og høgsterett i Rt. 1987 s 173 flg, spesielt side 182 og 183. Av desse domane ser ein at skuldinga mot Otto om ein fordekt tilbakefallsklausul til fordel for Otto sjølv, er alvorleg, stygg og usann. Sonen Bjørn som dreg Jorunn med seg på å skrive ei slik usanning, bør skamme seg. Mora veit truleg betre.

Like etter gjekk Jostein på foreldra for å få storparten av resten av familiebruket til seg sjølv. Utan pante-belaesting og utan tilbakefallsklausul til leirskulen. Søknad om deling av garden vart innvilga i 1976. Då starta «familiebråket». Rimelegvis. Så gjekk Jostein endå lenger: Han søkte om hytter i området der syskena skulle bygge hus. Han samarbeidde med kommunefolk som ynskte ei hytte-utbygging i Dyrkolbotn tilsvarende som Stordalen har fått. På grunn av Jostein si delingssak og hytteplaner knakk leirskulefellesskapet og familieforholda saman.

Ootto aksepterte ikkje Jostein sine disposisjonar. Det vart odelssake som Jostein tapte i 1987. Det vart ein kommunal arealdisponering og seinare ein kommuneplan som leirskulen kan leve med. Så no går det bra her på eit vis, men mange og mykje er skada av striden.

Er det tid for revansj for Jostein og Jorunn? Fleire gjenopptakingskrav til retten er avviste. Men kanskje kommunefolk trur på den gale historieforteljinga og vert med og øydelegg for fjellstova?

Det som er spesielt for denne klagesaka, er presset på «makebyte» av areal for at vi skal få ha byggeløyvet vårt i fred. Tre store tomtar har vore nemnt. Skal Jorunn og Jostein endeleg få bygd hyttene sine? I byte for gbnr 247/11 som dei ikkje eig?

Nei så visst ikkje. Makebyte av areal mot areal har aldri vore aktuelt. Det er usant at nokon har forespeglia Jorunn dette. Ikkje nokon. Og hyttetomter er spesielt uaktuelt.

Bror min Sjur gav Jorunn tilbod om tilleggareal rundt huset sitt for å lovleggjere nokre grenseoverskridande tiltak. Mot at Jorunn skreiv under som tidlegare heimelshavar på mitt skøyte på 247/11, slik at eg kunne bruke mine gjenverande krefter konstruktivt på leirskulen. Men dei fnyste og sa neitakk for 1,5 år sidan. No er det for seint.

Etter siste brevet med framleis æreskjelling av Otto, og etter tilsvarende skitbrev til tinglysinga 19.12.2016 kan Jorunn Dyrkolbotn gløyme alt om forlik og milde gåver. Heretter gjeld berre jussen.

Signhild Dyrkolbotn